

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-Q89	20/597

Saknr	Utval	Type	Dato
088/2020	Formannskapet	PS	12.10.2020
072/2020	Kommunestyret	PS	22.10.2020

Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2020 - 2032 - fastsetting av planprogram

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Utkast til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2020 - 2032	01.10.2020
Svar på kunngjering av oppstart av kommunedelplan for trafikksikring frå Vestland fylkeskommune	02.10.2020
Innspel til revisjon av trafikksikringsplan frå Trygg Trafikk	02.10.2020
Uttale - Oppstartsmelding - Masfjorden - kommunedelplan frå Fylkesmannen i Vestland	02.10.2020
Innspel til Trafikksikringsplanen frå Masfjorden Høgre	02.10.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1-, 2 ledd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune sende i brev dagsett 24.06.2020 kunngjering om planoppstart og framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032 ut på høyring.

Saka vart først handsama i formannskapet i sak 053/2020 i møte den 10.06.2020. Nedunder er saksopplysningane med vedtaket frå formannskapet vist i kursivtekst. Deretter vert

høyringsmerknader som kom til planprogrammet drøfta.

Saksopplysningar i sak 053/2020:

«Bakgrunn og fakta:

Kommunestyret har i sak 009/2020 i møte den 13.02.2020 i samband med vedtak om planstrategi for perioden 2020 – 2023 prioritert oppstart av ny trafikkisikring for Masfjorden kommune med oppstart i 2020. På bakgrunn av dette vedtaket har administrasjonen no laga framlegg til planprogram dagsett 27.05.2020, som ein ber om at formannskapet tek stilling til. Planprogrammet gjer i korte trekk greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Ein skal og vurdera verknader for miljø og samfunn, og synleggjere ulike vegval/ alternativ i planarbeidet. Tidlegare trafikkisikringsplan vart vedteke i kommunestyret den 30.10.2014, og skulle gjelda for perioden 2015- 2019.

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 skal det og varslast oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for trafikkisikring. Denne planen vil få status som ein kommunedelplan innanfor samfunnsplanlegginga etter plan- og utbyggingslova, og vil ikkje gje heimel til arealdisponeringar. I den grad det er naudsynt vil ein i samband med dette planarbeidet kunne gje tilrådingar om endringar til kommuneplanen sin arealdel, eller koma med framlegg om behov for eigne reguleringsplanar. Trafikkisikringsplanen vil handla både om fysiske tiltak og tiltak som handlar om trafikkopplæring og haldningsskapande aktivitetar for å førebyggja ulykker i trafikken m.v.

Vidare vil ein vise til at Vestland fylkeskommune hadde frist 31. mai for kommunane om å senda inn søknad om tilskot til arbeid med kommunale trafikkisikringsplanar, og at det i kriteria for tilskot ligg føre eit krav om at kommunane sjølv dekker 50 % av totalkostnaden. Det er sendt inn søknad om krone 150.000 i tilskot til å få utført dette planarbeidet, og her legg ein opp til at eigeninnsatsen til eigne tilsette vert eit viktig bidrag i kommunen sin del av totalkostnaden.

Vurdering

Rådmannen vil vise til at formannskapet med heimel i plan og bygningslova § 4-1 skal kunngjera framlegg til planprogrammet for trafikkisikringsplan, slik at dette vert lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Så snart høyringsfristen er over skal alle innkomne merknader drøftast i ny sak, som saman med revidert planprogram skal handsamast endeleg i kommunestyret.

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek oppstart av kommunedelplan for trafikkisikringsplan for Masfjorden kommune 2020 – 2032 og at framlegg til planprogram vert sendt på høyring i medhald av plan og bygningslova § 4-1.

Formannskapet - 053/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med ny kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032, og at framlegg til planprogram dagsett 27.05.2020 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov. «

I høyringsperioden (sjå vedlegg) kom det inn følgjande merknader som nedunder er kort referert, og deretter vurdert av rådmannen med tanke på eventuelle endringar i planprogrammet:

- **Brev frå «Trygg Trafikk» dagsett 14.08.2020**, som mellom anna skriv at framlegget til planprogram er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid, og at det er verd å nemna at det er planar for å involvera barnehagar og skular, samt ha drøftingar kring gjennomføring av haldningsskapande og ikkje-fysiske tiltak slik at ein er sikra gjennomføring. Vidare skriv organisasjonen at dei vonar at kommunen vil vurdere å arbeida inn i endeleg plan godkjenningsordninga Trafikksikker kommune. Godkjenningsordninga er eit felles satsingsområde for Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk, og eit godt verktøy for å sikra eit systematisk, heilskapleg og breitt forankra trafikksikringsarbeid i kommunen. Trygg Trafikk vil oppmoda kommunen om å prioritera det trafikantretta arbeidet mot aktuelle målgrupper gjennom utvikling av konkrete tiltak, der ansvaret for oppfølging er tydeleg plassert, og ber kommunen om også å vurdere førebyggjande tiltak for utsette grupper. Det vert vist til *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018 -2021*, og at denne har ei rekkje tilstandsmål knytt til rus, fart og bruk av tryggleiksutstyr m.v.

Rådmannen meiner at det er mange gode og viktige innspel Trygg Trafikk kjem med, og som bør vurderast i det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Sjølve planprogrammet treng ikkje endrast på bakgrunn av dette innspelet..

1. **Brev frå Vestland fylkeskommune dagsett 05.08.2020**, som skriv om ansvaret dei har for fylkesvegane, og ansvaret for å fremja trafikktryggliken i fylket, og nemner tre satsingsområde som er nedfelt i budsjettdokumentet for 2020:
 - Trafikksikringsarbeid i kommunane
 - Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strom
 - Mjuka trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Når det gjeld planprogrammet skriv fylkeskommunen om medverknad og eigarskap til planen, og at det er viktig at ulykkesituasjonen i kommunen vert godt opplyst. Dei ønskjer å stilla opp med eigne fagfolk i samband med planarbeidet, og viser også til Hjertesoneprosjektet i Bergen. Elles vert det understreka kor viktig god arealplanlegging er med omsynt til trygge tilhøve for mjuka trafikantar, og at «*Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018-2021*» er eit sentralt dokument for den samla nasjonale og regionale innsatsen for færre drepne og hardt skadde i vegtrafikken, som er relevant for kommunane sitt arbeid.

Rådmannen meiner at det er mange gode og viktige innspel Vestland fylkeskommune kjem med, og som bør vurderast i det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Sjølve planprogrammet treng ikkje endrast på bakgrunn av dette innspelet.

2. **Brev frå Fylkesmannen i Vestland dagsett 24.06.2020**, som skriv at det er positivt at kommunen skal ha fokus på barn og unge, folkehelse og universell utforming i dette arbeidet. Ein trafikksikringsplan kan vere eit nyttig kunnskapsgrunnlag når kommunen skal revidere kommuneplanens arealdel og samfunnsdel, og at det er nyttig med ei oversikt over trafikktryggleiken kring alle skuler og barnehagar i kommunen. Vidare ønskjer Fylkesmannen at kommunen etablerer eit system for registrering av nesten-ulykker og tilløp til ulykker, for å få eit enda betre grunnlag for prioritering, og eit system for måling av effekter av trafikktryggleikstiltak som er utført.

Rådmannen meiner at det er gode innspel frå Fylkesmannen i Vestland, og som bør vurderast i det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Sjølve planprogrammet treng ikkje endrast på bakgrunn av dette innspelet.

3. Brev frå Masfjorden Høgre dagsett 18.08.2020, som meiner at kommunen har vore aktiv til å få prosjektert og gjennomført trafikksikringstiltak, spesielt på Matre og på Sandnes. Vidare meiner Høgre at ein må få gjort meir langs E39, og kjem til slutt med forslag til mange nye tiltak i ny handlingsplan, fordelt på ulike fylkesveggar og langs E39.

Rådmannen meiner at det er med mange gode innspel frå partilaget til Høgre, og som bør vurderast i det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Sjølve planprogrammet treng ikkje endrast på bakgrunn av dette innspelet.

Vurdering

Rådmannen vil visa til at planprogrammet no har vore på høyring og at ingen av innspela gjer grunn til å endre på sjølve planprogrammet. Innspela vert uansett viktige når sjølve planarbeidet no kan starta opp slik planprogrammet skisserer i kap. 6.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1-, 2 ledd.

Formannskapet - 088/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1-, 2 ledd.

Kommunestyret - 072/2020**KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) bad om at Ungdomsrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart lagt til i referansegruppa. Eit samla kommunestyret sa seg samd i at desse to utvala vart lagt til i referansegruppa.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1-, 2 ledd.